

# Ei reise i spora etter Sta.Sunniva

**Etter segna kom Sta.Sunniva drivande med båt frå Irland til Selja og vart funnen ved ei samanrasa hole på øya. Sta.Sunniva vart skrinlagt i år 996. I 1170 vart heilage Sunnivas relikvier ført frå øya Selja til Bergen.**

**Eg velger å sette startpunktet Selje utifrå dette utgangspunktet. Ruta følger då ruta Sunniva sine relikvier hadde.**

**Denne reisa er lagt til vekedager då helgane er meir kompliserte reint rutemessig.**

## **Dag 1: Selje-Selja**

Selja er ei øy utenfor Selje med bl.a. klosterruiner. Om sommaren er det guida turar ut til klosterruinane på Selja.

I Selje kan eit besøk til bl.a. Atlelier Amdam vere sterk å anbefale. Kjell Stig Amdam maler bl.a. Sunnivamalerier.

## **Dag 2: Selje-Florø-Kinn**

Avreise med ekspressbåt frå Selje kl.15.25 med ankomst Florø kl.17.00. Benytt deg av ei vandring i Noregs 3.vakraste by(kåring i Dagbladet sommaren 2007).

Kl. 20.00 går rutebåten til Kinn. Overnattingsmulegheiter på Kinn er Bed & Breakfast ved Kinn Gjestehus (**Ring Kinn Turistservice og ting plass FØR du reiser ut**).Det er muleg å kjøpe seg eit kveldsmåltid om det er ynskjeleg. Det er ikkje muleg å kjøpe seg middag på øya.

## **Dag 3: Kinn - Bergen**

På Kinn vil du få ei stemningsoppleving i middelalderkyrkja som etter segna er knytt til Sta.Sunniva og hennar følge som kom frå Irland. Du får ei orientering om kyrkja og lokalutgåve av segna om Sta.Sunniva. Det er også fint å kunne ta ein tur rundt denne irgrøne øya. Avreise frå Kinn kl.15.10

Ekspressbåt frå Florø kl.17.00 og ankomst Bergen kl.20.40.

## **Dag 4: Bergen**

Ved Håkonshallen i Bergen finn du ei statue av Sta.Sunniva. Relikvieskrinet til Sunniva vart innsett i domkyrkja i Bergen (Kristkirken) 7.september 1170. Denne kyrkja brann seinare ned. Santa Sunniva er Bergen sin skytselgen!

Anbefaler ein tur til Bergen museum og middelalderutstillinga der.

# Kortutgåve av segna om heilag Sunniva

Vel 1000 år tilbake i tid levde kongsdottera Sunniva og systrene hennar i Irland. Dei var kristne og likte dårleg at vikingane kom og herja i landet deira. Då Sunniva vart fridd til av ein vikinghøvding, valde ho heller å røme frå landet enn å ende opp som gift med ein hedning. Ho, systrene og folket deira la til havs i tre båtar utan årar eller segl og la sitt liv i Guds hender. Båtane dreiv over havet, og etter det Snorresoga fortel, stranda to av dei på Selja med bl.a. Sunniva, mens den siste båten stranda på Kinn.

St.Sunniva og fylgjet hennar fann tilhald i ei hule på Selja. Lokalbefolkninga på fastlandet var redd dei var ute etter buskapen deira og sende bod til kongens menn om å få dei fjerna. Då førde Sunniva folket sitt inn i ei hule der dei bad Gud om å berge dei frå å falla i hendene på desse heidningane. Hola fall då saman slik at dei miste livet der, og kongens menn fann ingen på øya.

Etter kvart opplevde folk som kom nær Selja å sjå eit lys der som St. Sunniva miste livet. Beinrestane etter "Seljumennene", og Sunniva sin lekam som var like heil, vart funne. Folket forstod at her dreia det seg om lekamen til eit heilag menneske. Sunniva vart skrinlagt og det vart etterkvart reist ei kyrkje som bar hennar navn oppe ved hola. Olav Tryggvason utropte Selja som heilagstad i år 996. Tidleg på 1100-talet, vart klosteret oppført.

I året 1170 vart skrinet med St.Sunniva ført til Bergen. Det vart innsett i domkyrkja i byen den 7.september.

Segna på Kinn fortel at ei av systrene til St.Sunniva som heitte Borgni, fekk bygd kyrkja på Kinn ved hjelp av ein tusse. Namnet hans får vi ikkje vite før på slutten av segna. Det som er ganske sikkert er at av same folket som kom til Selja, etablerte det seg ei gruppe på Kinn som truleg hadde tilhald i ein heller i fjellsida sør for Kinnakyrkja. Det dreier seg truleg om keltiske munkar som nok må få æra av å ha bygd kyrkja på Kinn.

I Gulatingslova er 8. juli bestemt å vere ein merkedag for dei heilage som kom til Selja og Kinn. 8. juli – Seljumannamesse - blir fortsatt feira både på Kinn og Selja.

I juni blir Kinnaspelet framført på Kinn. Det knyter seg til kyrkja på Kinn, men inneheld også legenda om St Sunniva. Kinnaspelet vart fyrste gong vist i 1985 og har sidan vore framført kvart år.

## **KONTAKTINFO**

<b>Selje Turistinformasjon</b>	<b>57 85 66 06</b>
<b>Selje Hotell</b>	<b>57 85 88 80</b>
<b>Kinn Turistservice</b>	<b>91 58 11 78</b>
<b>Quality Maritim hotell, Florø</b>	<b>57 75 75 75</b>
<b>Victoria hotell,Florø</b>	<b>57 74 10 00</b>
<b>Fjord 1 Fylkesbaatane</b>	<b>57 75 70 00</b>
<b>Bergen Museum</b>	<b>55 58 29 49</b>
<b>Turistinformasjon Bergen</b>	<b>55 55 20 00</b>